



Innkalling av Administrasjonsutval

Møtedato: 07.09.2022
Møtestad: Rådhuset Knarvik, kantina
Møtetid: 09:00 -

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til eller per epost til tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
017/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/22	Godkjenning av møteprotokoll
019/22	Sjukefråver 2.kvartal 2022
020/22	HMS avvik 2.kvartal 2022
021/22	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 07.09.2022
022/22	Økonomiplan 2023-2026

1. september 2022

Øyvind Oddekalv
møteleiar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/22	Administrasjonsutval	07.09.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 03.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/22	Administrasjonsutval	07.09.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

04.05.2022 Protokoll - Administrasjonsutval - 04.05.2022

1733998



Møteprotokoll for Administrasjonsutval

Møtedato: 04.05.2022
Møtestad: Rådhuset Knarvik, formannskapssalen
Møtetid: 09:00 - 11:15

NAV-arbeidslivssenteret orienterar om sjukefråver og oppfølging (ca 30 min)

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Nestleiar
Maria Færø	UAVH	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Liv Berit Haukås	FAGF	Medlem
Jarle Næss	UDF	Medlem
Silje Fanebust	NSF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Utvalsleiar

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Christina Løtveit Fosse, Kathrine Martinsen, Linn Kolstad, Lisbeth Alvær, Martin W. Kulild, Tove-Mette Arnø Fyllingen, Ørjan Raknes Forthun

Sakliste

Saknr	Tittel
011/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/22	Godkjenning av møteprotokoll
013/22	Sjukemeldingsoppfølging - sjukeheimstenesta
014/22	Sjukefråver 1.kvartal 2022
015/22	Avviksrapportering 1.kvartal 2022
016/22	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 04.05.2022

011/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutval 04.05.2022:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

ADM- 011/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

012/22: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Administrasjonsutval 04.05.2022:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

ADM- 012/22 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

013/22: Sjukemeldingsoppfølging - sjukeheimstenesta

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Administrasjonsutval 04.05.2022:

Handsaming:

Orientering ved tenesteleiar sjukeheimstenesta, Christina L.Fosse.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 013/22 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

014/22: Sjukefråver 1.kvartal 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Administrasjonsutval 04.05.2022:

Handsaming:

Orientering ved fagleiar HMS, Linn Kolstad.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 014/22 Vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

015/22: Avviksrapportering 1.kvartal 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Administrasjonsutval 04.05.2022:

Handsaming:

Orientering ved fagleiar HMS, Linn Kolstad.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM- 015/22 Vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

016/22: Melding/orientering til administrasjonsutvalet 04.05.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

Administrasjonsutval 04.05.2022:

Handsaming:

NAV-arbeidslivssenteret orienterar om sjukefråver og oppfølging i starten av møtet.

Rekrutteringssituasjon - orientering ved HR-leiar, Kathrine Martinsen

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vdteke.

ADM- 016/22 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 26.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/22	Administrasjonsutval	07.09.2022

Sjukefråver 2.kvartal 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering


Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

Vedlegg i saken:

31.08.2022 Sjukefråvær-Alver kommune 2.kvartal 2022 (1)

1793558



Sjukefråvær 2.kvartal 2022

Adminstrasjonsutvalet


07.09.2022



ALVER
KOMMUNE


2.Kvartal 2022

Sjukefråvær Alver kommune




2.Kvartal 2022

Totale sjukefråvær Alver kommune 2022



2.Kvartal 2022

Sjukefråvær Alver kommune



2.Kvartal 2022

Sjukefråvær på dei ulike tenesteområda

Tenesteområde	1. kvartal 2021	2. kvartal 2021	3. kvartal 2021	4. kvartal 2021	1. kvartal 2022	2. kvartal 2022	3. kvartal 2022	4. kvartal 2022	Trendlinje
Sjukeheimar	14,1	14,1	13,3	18	16,8	13,4			
Heimetenestene	12,8	12,4	9,5	13	14,1	12,3			
Habiliteringstenester	10,3	13,6	11	13,1	12,7	9,2			
Lege og rehabiliteringstenester	9,9	9,9	9,1	10,9	12,1	10,3			
Psykisk helse og rus	6,6	4,8	7,4	10,6	11	9,2			
NAV	8,3	8,2	3,5	4,5	8,6	6,7			
Barnevern	12,4	12,2	10,9	14,3	11,9	12			
Skular	11,1	9,5	4,6	10,3	13,1	7,8			
SFO	13,9	12,6	8,4	14,6	13,7	7,2			
Barnehage	16	14,4	12	16,7	19,9	11			
PPT	2,6	2,8	2,8	5,1	8,9	3,1			
Helsestasjon og jordmortenesta	6,4	10,4	9	15,3	16,7	13,4			
Arealforvaltning	4,6	8,6	1,4	4,8	4,9	4,6			
Drift og vedlikehald	6,7	6,8	7,9	10	9,3	7,5			
Eigedomsforvaltning	5,7	10,7	4,6	4,3	4,2	2,8			
Plan og analyse	5,3	5,9	1,9	5,6	10,5	4			
Kultur	5,2	7,2	4,6	2,5	5,4	6,5			
Brann og redning	8,8	7,2	7,1	9,9	7,8	4,3			
HR og utvikling	5,7	7,6	6,9	5,9	4,9	4,8			
Økonomi	4,9	4	5,9	4,3	3,4	5,3			



2.kvartal 2022

Tenesteområde med mest nedgong i sjukefråvær:


- Barnehagar -8.9%
- SFO -6.5%
- Plan og analyse -6.5%
- Skular -5.3%



2.kvartal 2022

Tenesteområde med økning i sjukefråvær

- Barnevern +0.1%
- Kultur +1.1%
- Økonomi +1.9%



2.kvartal 2022

Tenesteområde med lågast sjukefråvær

- Egedomsforvaltning 2.8%
- PPT 3.1%
- Plan og analyse 4.0%
- Brann og redning 4.3%



Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 26.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/22	Administrasjonsutval	07.09.2022

HMS avvik 2.kvartal 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.


Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

Vedlegg i saken:

31.08.2022 Avviksrapportering HMS-Adm.utv 2.kvartal 2022

1793556



HMS-avvik 2.kvartal 2022

Alver kommune

Administrasjonsutvalet

07.09.2022



ALVER
KOMMUNE

2.kvartal 2022

Nøkkeltall


- Totalt innmelde avvik er 771 stk.
- Antall HMS avvik er 336 stk
- Avdelinger som har meldt inn flest HMS avvik:
 - NAV Alver 18 stk
 - Avlastningsbustader 16 stk
 - Habilitering 16 stk
 - Manger skule 15 stk



ALVER
KOMMUNE


2.Kvartal 2022

Alle innmelde avvik




2.Kvartal 2022

HMS avvik kvartalsvis 2020-2022



2.Kvartal 2022

HMS avvik sektorvis 2022



2.Kvartal 2022

HMS avvik- underkategoriar

Kategori	Tilpasset felt	Antall
HMS	Beskriv nærare kva avviket gjeld	393
	Anna	80
	Brann/Branntilløp	5
	Brudd på lov/føreskrift/rutiner/prosedyrer	37
	Feil eller manglar med utstyr som kan medføre risiko	18
	Fysiske forhold	37
	Innbrot/alarm	2
	Nestenulykke/ulykke	19
	Psykososiale forhold	49
	Skadeleg utslepp til miljø	2
	Stikk-, kuttskade, sprut eller blodsøl	7
	Teknisk feil/manglar som fører til risiko for skade på tilsette	11
	Usikra kjemikalieoppbevaring/kjemikalieuhell	2
	Vald og trugslar	124
Antall avvik		336



2.Kvartal 2022

Alvorsgrad- HMS avvik

Kategori - Alvorlighetsgrad - Antall

Filtrert på: Type: Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Fra: 01.04.2022

Til: 30.06.2022

Kategori	Alvorlighetsgrad	Antall
HMS		336
	Lav	305
	Middels	21
	Høy	10
Totalt		336



Alvorsgrad-forklaring

- **HMS**
- **LAV** - (Avviket førte til ingen/liten konsekvens, personskade med enkel førstehjelp. Kan medføre fråvær og/tilrettelagt arbeid i ein kort periode. Psykisk overbelastning (kan føre til fråvær, men ikkje behandling). Økonomisk kostnad <10 000 kr.).
- **MIDDELS-** (Avviket førte til konsekvens. Personskade som medfører behandling på sjukehus. Fråvær frå arbeidsplassen, tilrettelagt arbeid i en lengre periode. Arbeidsrelatert psykisk sjukdom. Økonomisk kostnad kr 10 000 -1 000 000).
- **HØG** - (Avviket førte til ein betydelig konsekvens, til dømes permanent fysiske, psykisk personskade eller dødsfall. Økonomisk kostnad >1 000 000 kr)





Personskadar

5 tilfeller førte til
sjukefråvær



ALVER
KOMMUNE



Forbetringsforslag

Innmeldt 40 stk sidan
1.november 2021



ALVER
KOMMUNE

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 25.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/22	Administrasjonsutval	07.09.2022

Melding/orientering til administrasjonsutvalet 07.09.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

Meldingar/orienteringar:

- Heiltids-kultur (status/oppdatering)
- Oppstart rullering arbeidsgjevarstrategi
- Vald og truslar

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-151, FE-145
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Ungdomsråd	
022/22	Administrasjonsutval	07.09.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Økonomiplan 2023-2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Framlegg til økonomiplan drift og rammer for 2023 i samsvar med § 5-4 bevillingsoversikt drift 1A og 1B vert vedteke.
Budsjett for 2023 vert oppdatert med lønns og prisvekst i samsvar med framlegg til statsbudsjettet for 2023, og vert lagt fram for kommunestyret til behandling i desember 2022.
2. Framlegg til investeringsplan for perioden 2023-2026 og investeringsbudsjettet for 2023 vert vedteke i samsvar med § 5-5 bevillingsoversikt investering 2A og 2B.
Kommunedirektøren oppdaterar investeringsbudsjettet for 2023 i samsvar med eventuell endring i framdrift på prosjekta som pågår i 2022. Dette betyr at eventuelle framdriftsjusteringar per 2. tertialrapport vert tatt inn i budsjettframlegget som blir vedtatt i desember.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å setje i gang takseringsarbeid for næringseigedomar. Kommunestyret ber om å få lagt fram ei eiga sak i løpet av 2023 kor det går fram kva resultatet av takseringsarbeidet er, og ulike alternativ for utskrivning av eigedomsskatt på næring. Dette skal leggjast fram i god tid før kommunestyret skal fatte vedtak om innføring av eigedomsskatt på næring i samband med budsjettvedtaket for 2024. Taksteringsarbeidet skal finansierast med bruk av disposisjonsfond, og kostnaden skal takast inn i rapporteringa for 1 tertialrapport 2023 når det har vøre gjennomført anbud og prisen på å gjennomføre takseringsarbeidet er kjent.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i administrasjonsutvalet, ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Lenke til økonomiplan: https://pub.framsikt.net/2023/alver/bm-2023-økplan_23-26_-_oppd_per_31082022/

Vedlegg i saken:

31.08.2022	22/45690 Budsjett 2023 - søknad	1793644
07.06.2022	Alver kommune Budsjettinnspel 2023 og økonomiplan 23-26	1751106
09.05.2022	Saksframlegg sak 2822 - Alver kontrollutval	1736347
09.05.2022	Særutskrift sak 2822 frå Protokoll - Alver kontrollutval	1736348



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellestråd

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Dato: 14.06.2022

Vår ref: 22/05538-1

Dykkar ref:

Budsjett 2023 - søknad frå Alver kyrkjelege fellestråd

Alver kyrkjelege fellestråd (Alver KF) søker med dette om tilskot til drift, vedlikehald og investeringar for 2023.

Vi viser til Trussamfunnslova § 14, som omhandlar kommunen sitt finansieringsansvar når det gjeld kyrkja si drift, bygg og vedlikehald. I Gravferdslova § 3 står det om kommunen sitt fulle ansvar for utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplassar.

Fellestrådet søker om kr 31.509.000,- i driftstilskot og kr 5.600.000,- i investeringstilskot.

Kyrkja i Alver er nå inne i sitt tredje år som felles organisasjon. Sjølv om det er ein del som er bra med å vera ein større organisasjon, så har pandemi og store økonomiske utfordringar kasta ein del skuggar inn i drifta. Ikkje minst skapar store underskot ei generell uvisse om framtida. Vi er no i eit vendepunkt. Disposisjonskontoen er tom, og drifta delvis finansiert av oppsparte midlar hos KLP. Underskotet skuldast hovudsakleg kostnadsauke i storsamfunnet som vi ikkje rår med, og det er knapt noko potensiale i meir effektivisering.

Vi må utfordre kommunen til å la tilskota minst halde følge med pris- og lønsauken i samfunnet rundt oss. Det gjorde ikkje kommunen for 2021, og det er sterkt medverkande til underskotet på om lag -1,9 mill kr. Så blei noko retta opp att i samband med 1. tertial 2022, og det er vi takksam for. Men dei fleste prisar og løner går ikkje ned igjen, så dette nivåskiftet må inn i faste overføringar til drift av både kyrkja og gravplassane.

I tabellen under har vi tatt med ulike typar tilskot vi treng til drift, bygningar, driftsavdeling og gravplassar.

Driftstilskot	2022	2023	Merknad
Lån Knarvik kyrkje	2.685	2.685	+ renteauke. Vedtatt i tidl Lindås
Driftstilskot	23.274	24.274	Auke 1 mill. Høgare prisar og løn
Prisauke straum		750	Auke i straumpris
Løpande vedlikehald	1.000	1.000	Vedlikehald 14 kyrkjer og andre bygg
4-årig vedlikehaldsplan		2.500	Behandla av kommunen 2021
0,5 årsverk driftsavdeling		300	Auke frå 5,5 til 6 årsverk
Sum drift	26.959	31.509	
	2022	2023	
Investeringstilskot			

Namna minnelundar x 2		1.500	Knarvik og Manger. Kr 750 kvar plass. Planlegging og bygging.
Brannalarmer. Vike, Lindås, Lygra, Hundvin, Seim, Hundvin		1.500	6 kyrkjer. Krav frå branntilsyn i 2022. Usikre på fristar.
Bilar, utstyr, klipparar		1.100	Utstyr til driftsavdelinga
Planlegging gjenbruk av 4 gravfelt. Alversund, Lygra, Sletta, Myking		1.500	Treng fleire graver. Konsulent, murar, påfylling mm. Dette er oppstart.
Nye Lindås gravplass			Vedtatt. Ventar på arealbehandling i kommunen
Varmestyring mm	1.000	0	Mange kyrkjer får varmestyring i 2022
Sum investering	1.000	5.600	

Drift

Samla søker fellesrådet om kr 31.509.000 i tilskot til drift. Auken i sjølve driftstilskotet på 1 mill. kr er hovudsakleg kompensasjon for ei auke i prisar og løner, det er ikkje lagt opp til fleire tilsette i kyrkjelege stillingar. Fellesrådet er medlem i KA (arbeidsgivarorganisasjon for kyrkjelege verksemdar), og følger tariff. Det har også vore ei kraftig auke i kostnader til driftsavdelinga, både bilar og innkjøp. Gravferder og vedlikehald av gravplassar må vi gjennomføra uansett, og slike kostnader er kommunen sitt fulle ansvar.

Pris på straum er satt i eiga punkt. Frå 2021 til 2022 auka straumkostnaden med kr 502.000, og i budsjett 2022 er denne auken finansiert av kyrkja sitt pensjonsfond hos KLP. Sjølv om vi i 1. tertial 2022 fekk ettergitt kr 500.000 til straum i 2021, så kan vi ikkje budsjettera på den måten for 2023. Med utgangspunkt i prisar pr juni 2022 ser det ut til at kostnad til straum i 2023 kan auke med kr 750.000. Inn mot 2023 må vi vite om kommunen «tar over» rekninga.

Kommunen har tidlegare behandla 4-årig vedlikehaldsplan, med årleg behov på kr 2.500.000,- etter ei klar prioritering. I tillegg til dette søker fellesrådet også for 2023 om tilskot til løpande vedlikehald – akutt og førebyggjande.

Drift av gravplassar blir utført av ei eiga avdeling i fellesrådet, med 5,5 årsverk. Dei har ansvar for alt utearbeid i samband med gravlegging på 20 gravplassar og vedlikehald mm. Avdelinga har eit stort arbeidspress, og har behov for å auke til 6 stillingar. Det er auka aktivitet med gravferd, og med den demografiske utviklinga som er så vil den halde fram.

Investering

Namna minnelund er urnegraver samla i eige gravfelt, med felles minnesmerke og data på dei gravlagde. Slike gravfelt blir meir etterspurde, og fellesrådet ønsker namna minnelundar på gravplassane i Knarvik og Manger. Det er også planlagt slik minnelund på nye Lindås gravplass. Akasia Eigedom har berekna at ei minnelund kostar kr 750.000-1.000.000,-.

Det er gjennomført branntilsyn, og vi er pålagt å investera i fleire brannalarmer. Vi bør installera alarmer i 6 kyrkjer, og prisen på det er om lag kr 1.500.000,-. Vi har ikkje fått endelege rapportar, og er usikre på fristane.

Driftsavdelinga har behov for å bytte ut gamal bil, tilhengar, fleire klipparar og noko utstyr. Det er berekna å koste kr 1.100.000,-.

På fleire av gravplassane som er i bruk er det snart behov for fleire graver. Der ønsker vi å få til gjenbruk av gravfelt. Det gjeld mellom anna på Sletta, Alversund, Lygra og Myking. Alle endringar må søkast om, og i tillegg til sjølve jobben må vi ha litt hjelp av konsulent. Samla kostnad er stipulert til kr 1.500.000,- men endeleg pris for alle har vi ikkje enda.

Vi stiller gjerne opp for å kunne gi meir informasjon.

Med helsing

Grethe Lunde
Leiar fellesrådet

John Fredrik Wallace
Kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Grethe Lunde

Alver kyrkjelege fellesråd, John Fredrik
Wallace

Astrid Aarhus Byrknes

Alver kommune Sara Sekkingstad

Lonsvegen 1

5914 ISDALSTØ

Postboks 4

5906 Frekhaug

Mottakere:

Alver kommune

Alver kommune, Martin Kulild

Postboks 4

Postboks 4

5906 Frekhaug

5906 Frekhaug

Alver kommune

Utskrift av sak 5 på møte 31.05.2022

Sak 5: Alver idrettsråd: Innspel til budsjett/økonomiplan 2023/2023-2026

Budsjettinnspel idrett i Alver 2023 - Økonomiplan 2023-2026

Ramma for idrettsfunksjonen for 2022 og 2022-2025 er slik:

Kr 3 300 000,-. Dette er same ramme som for 2021.

Ramma for tilskot til kultur og idrett er imidlertid redusert med kr. 1.000.000,- for både 2022 og i økonomiplanperioden. Dette har vore påpeika ved fleire høve og idrettsrådet vonar denne millionen kjem på plass i samband med revisjon av budsjettet for 2022. Det vil då vera pårekneleg at dette nivået vert vidareført i økonomiplanperioden

Idrettsrådet er kjent med at Alver kommune har ein stram økonomi, men vil understreka verdien av overføringane til idretten. Me minner her om at idretten har 38 lag med mellom 8 000 og 9 000 medlemmer og at det årlege bidraget frå frivillig innsats innan idretten er berekna til mellom 80 – 90 millionar.

Både 2020 og 2021 var vanskelege år for organisering av idrettslege aktivitetar og me er svært glad for at det no er tilnærma normale forhold.

Alver idrettsråd meiner at det slik situasjonen er no vil vera god politikk for kommunen å medverka til at idrettslaga kan makta dei store utfordringane det vil vera å komma i gang med aktivitetar etter mest to års nedstenging. Idrettsrådet minner om at 2022 er frivilligåret.

Det vil ha mykje å seia både for idretten, det sosiale det betyr å vera med på noko og for folkehelsa i kommunen.

Alver idrettsråd ber såleis om at ramma for idretten vert auka med kr. 200.000, for 2023 og at dette vert vidareført i økonomiplanperioden.

Grunngjevinga er at det vil vera særskilt krevjande for idrettslaga å komma igong att med, og vidareutvikla, alle aktivitetar etter nedstenginga under pandemien.

Vedlikehald/drift av anlegg

Det er og eit aukande krav til drift og vedlikehald av private idrettsanlegg, med til dels store prisaukingar utan særleg kompensasjon. Dette er hovudgrunnen til at tilskotet til drift og

vedlikehald av private idrettsanlegg må få ein auke. Det er vidare slik at driftavtalane har ei høgare ramme for tilskot enn det som vert tildelt til private anlegg. Dette tykkjer idrettsrådet rimer dårleg i forhold til den innsats som vert lagt ned av dei private laga

Idrettsrådet er glad for at drifts- og tilsynsavtalar for nokre av dei kommunale anlegga endeleg er på plass. Det er sett av kr. 900.000,- kvart år i økonomiplanperioden.

Idrettsrådet gjer framlegg om å auka dette til kr. 1.000.000,- i budsjettet for 2023 og i økonomiplanperioden. Grunngevinga for dette er at ramma for tilsynsavtalar er for låg, noko nokre lag klart har påpeika

Investeringar

Alver idrettsråd er særst nøgd med at Alver kommune har sett igong arbeidet med rehabilitering av kunstgrasbana på Ostereidet. Når det gjeld hall på Ostereidet, meiner idrettsrådet denne må komma tidlegare i økonomiplanperioden

Prioritering av anlegg kjem me elles attende til i samband med kommunedelplanarbeidet.

Kort oppsummert:

Idrettsrådet har fylgjande framlegg:

- **Tilskot til idrett: kr. 3.500.000,- for 2023**
- **Avtalar/tilsyn: kr.1.000.000,- for 2023**
- **Justering for konsumprisindeksen i økonomiplanperioden**

Vedtak: Alver idrettsråd slutta seg samrøystes til ovanstående uttale

Knarvik 31.05.2022

Olav Steinar Namtvedt, styreleiar

ALVER KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG SAK 28/22

28/22 BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2023

SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 utarbeide spesifisert forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Etter kommunelova § 14-3 skal dette framlegget følgje innstillinga til årsbudsjettet til kommunestyret.

Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, som mellom anna skal dekkja utgifter til aktiviteten i kontrollutvalet, sekretærbistand og revisjon.

Kontrollutvalet er eit lovpålagd utval, og har ei sentral rolle i eigenkontrollen i kommunen. Kontrollutvalet har fleire oppgåver som er regulerte i lov og forskrift, og skal mellom anna uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga frå kommunen, utarbeide planar for, og bestille, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og rapportere til kommunestyret om dette.

Budsjettet til kontrollutvalet må innehalde kostnader knytte til revisjonsaktivitetar, sekretariatsarbeid, møtegodtgjersle/tapt arbeidsinntekt, opplæring gjennom kurs og konferansar og møteutgifter mellom anna. Det er også anbefalt at budsjettet for kontrollarbeidet inneheld ein budsjettpost til uføresett kontrollarbeid.

Kostnader knytt til revisjon varierer ut frå arbeidsmengda til revisor gjennom at Alver har ein rammeavtale med revisor og betaler for medgått tid. Arbeidet med rekneskapsrevisjon vil vere ganske likt frå år til år, medan det kan vera større variasjon i kostnader knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll gjennom dei ulike bestillingane kontrollutvalet gjer gjennom året og perioden.

Kostnader knytt til kontrollutvalsekretariat er avtalefesta, gjennom selskapsavtale for sekretariatstenesta i Region Nordhordland IKS (RNI).

I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2023. Dei seinare åra har det stort sett vore gjennomført 6 møter. Dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår kan det verta behov for fleire møte eller meirarbeid for revisor og/eller sekretariat. I budsjettforslaget er det teke høgde for noko uføresett kontrollarbeid i 2023, men innafor ei relativt avgrensa ramme. Kontrollutvalet har høve til å be kommunestyret om ekstra midlar dersom uføresette kontrolloppgåver av større omfang vert naudsynte.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2022:

Kostnader Alver kontrollutval	2023	Merknad
Rekneskapsrevisjon	Kr 400 000	1)
Forvaltningsrevisjon / Eigarskapskontroll	Kr 800 000	1)
Sekretariat	Kr 244 000	2)
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	Kr 290 000	3)
Diverse møteutgifter	Kr 24 000	4)
Kontigenter (FKT/faglit.)	Kr 16 000	5)
Opplæring kontrollutvalet	Kr 100 000	6)
Uføresett kontrollarbeid	Kr 200 000	7)
Totalt	Kr 2 074 000	

1) Kostnad til revisjon følgjer av rammeavtale med KPMG. Budsjettalet er eit estimat, då kommunen betaler per time medgått tid. Forvaltningsrevisjonar vert bestilte fortløpande av kontrollutvalet.

2) Kostnad til kontrollutvalssekretariat følgjer av avtalt kostnadsfordeling mellom eigarkommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2022. Prinsippa om omfanget av arbeidet for sekretariatet ikkje endra sidan ordninga starta i 2005 og kommunane vart einige om ein avtale om sekretariattjenester frå Region Nordhordland IKS. Etter dette har arbeidsmengda i kontrollutvala auka (KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021). I 2014 gjennomførte Deloitte ei evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat der dei anbefalte tydelegare nasjonale føringar som konkretiserer innhaldet i sekretariatets oppgåver. Etter dette er det kome til fleire lovkrav og fleire rettleiarar knytt til kontrollutvala og sekretariatet si drift. På bakgrunn av auka arbeidsmengd i kontrollutvalssekretariatet vert det gjort ei justering i 2023 som er noko høgare enn prisjusteringa. Behovet for ytterlegare styrking av sekretariatsressursen vidare vert vurdert i samband med budsjettframlegg for seinare år.

3) Kontrollutvalet sine eigne utgifter er knytt til fast årleg godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle, reiseutgifter m.m.

4) Diverse møteutgifter som møtemat, og evt. møterom, samt kostnader til strøyming av møtavia internett.

5) Kontingent i FKT, og evt faglitteratur.

6) Kontrollutvalet bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Det vert jamleg arrangert kurs for kontrollutval av blant anna fagorganisasjonane NKRF og FKT.

7) Det er anbefalt å legge inn ein kostnadspost knytt til uføresett kontrollarbeid (jf. kontrollutvalsboka).

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2023 på kr 2 074 000,-.



ALVER KONTROLLUTVAL

SÆRUTSKRIFT SAK 28/22 FRÅ MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 2. mai 2022 kl. 09:00 – 14.00

Stad: Formannskapssalen, Frekhaug

Deltakarar: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Rolf Sandstad (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem)

Forfall: Arild Tveranger (medlem)

Andre: Kommunalsjef økonomi Janne Sund og løn- og regnskapssjef Monicka Larsen Feyling (på sak 25/22 og 27/22) og senior rådgivar Silje Graue Lerøy, Odin Prosjekt AS (på sak 26/22)

Revisor: Senior Manager Rune Mydland, KPMG

Sekretær: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS



28/22 BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2023

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2023 på kr 2 074 000,-.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalssekretær orienterte om budsjettframlegget. Kontrollutvalet diskuterte framlegget.

Leiar føreslo å auke budsjettposten på opplæring med 50 000 ekstra i høve sekretariatet sitt framlegg.

Korrigert framlegg til budsjett vert då:

Kostnader Alver kontrollutval	2023
Rekneskapsrevisjon	kr 400 000
Forvaltningsrevisjon / Eigarskapskontroll	kr 800 000
Sekretariat	kr 244 000
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	kr 290 000
Diverse møteutgifter	kr 24 000
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 16 000
Opplæring kontrollutvalet	kr 150 000
Uføresett kontrollarbeid	kr 200 000
Totalt	kr 2 124 000

Forslaget som var lagt fram i møtet vart einstemmig vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2023 på kr. 2 124 000,-

Alver 02.05.2022

Jimmy Pasali
Leiar kontrollutvalet

Trude Bruket
Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.